

Referat frå møte i Sandnes Sokneråd

Skrivar: Knut Fr. Sørheim

Møte nr: 02.13

Møterom/-stad: Kyrkjelydsalen

Dato: 09.04.13

Møtedeltakare: Knut Sørheim, Grete Daae Lahti, Gunvor Fyllingsnes, Ragnhild Skuggedal, Britt Nordland

Referat til: Medlemane, Varamedlemane, dagleg leiar i fellesrådet, diakoni og undervisningsleiar.

12/13 Godkjenning av møtebok frå 05.02.13

Godkjent utan merknader.

13/13 Skriv og meldingar

- Nasjonalforeningen for folkehelse: Søknad om kollekt til TV-aksjonen, demenssaken.
- Bjørgvin bispedøme: Ungdomsåret 2013 – Kva vil vi?
- Kinnaspelet: Kyrkjelydstur til Kinnaspelet 2013

14/13 Svar på søknad om godkjenning av lokal grunnordning

I skriv frå Bjørgvin biskop av 21.03.13 har vi på nærare vilkår for godkjenning på vedteken lokal grunnordning for gudstenestene for to år.

15/13 Lysestake for dåpslys til dåpsbarn

Vi har fått tilbod om lysestake i tre/korsform frå Erling Revheim på Osterøy – pris kr 70 pr stk.

Vedtak:

Soknerådet vil be kyrkjeleg fellesråd om å dekke kostnad til kjøp av lysestake til dåpslysa med sikte på at stake kan følgje dåpslysa. Dersom fellesrådet ikkje tek kostnaden, vil soknerådet ta den.

16/13 Konfirmantfest, oppdatering

Fordeling arbeidsoppgåver:

- Meny endrast frå lasagne til gryterett med salat og brød.
- Gunvor har skaffa talar

17/13 Innkjøp av diverse utstyr til kyrkjelydssal.

Utstyr som er savna i kyrkjelydssalen:

- Kaffikanne
- Kaffiboks
- Plastboks til oppbevaring
- Skjærefjøl
- 2 serveringsfat

- 2 kakespader
- te-lysestaker i klart glas

Vedtak:

Soknerådet kjøper inn dette. Grethe tek seg av innkjøp.

18/13 Eventuelt.

- Det blir etterlyst at der er toalett- og tørkepapir på plass på toalettet til eikvar tid.
 - Det virker framleis uklart kven som har ansvar for avtale om bruk/utlån av kyrkje/kyrkjelydssal og kven som har ansvar for opprydding / reinhald etter bruk.
- Ragnhild ber om avklaring på kven som har ansvar ved første fellesrådsmøte.

Neste soknerådsmøte vert 29.august kl. 18.00

Knut Sørheim

Ragnhild Skuggedal

Grete Daae Lahti

Britt Nordland